



HORNINDAL KOMMUNE



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar

Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus

Dato: 29.05.2017

Tid: 14:00

Medlemmar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemmar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til dei respektive servicekontora i Hornindal og Volda.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.



HORNINDAL

VOLDA KOMMUNE



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 17/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 18/17	Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte
PS 19/17	Kommunesamslåing Volda og Hornindal - Storleik på kommunestyre.
PS 20/17	Val av revisor til fellesnemnda
PS 21/17	Kommunesamslåing Volda og Hornindal - Harmonisering eigedomsskatt.
PS 22/17	Kommunesamslåing Volda og Hornindal - Kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellessnemnda etter inndelingslova § 26
PS 23/17	Oppnemning av partssamansett utval (PSU)
PS 24/17	Kommunesamslåing Volda og Hornindal – Kommunenamn
PS 25/17	Orienteringssaker
OS 13/17	Kontrollutvalet - Sak 18/17 Val av revisor til fellesnemnda

PS 17/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 18/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2017/974
		Arkivkode:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
19/17	Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar Kommunestyret	29.05.2017

KOMMUNESAMANSLÅING VOLDA OG HORNINDAL - STORLEIK PÅ KOMMUNESTYRE.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek at talet på kommunestyremedlemer i den nye kommunen vert 33.

Vedleggsliste:

- Referat frå nemnda for nemnda Politisk Organisering 11.05.2017

Samandrag av saka:

I felles kommunestyremøte skal kommunestyra drøfte

- Framlegg til namn på den nye kommunen
- Talet på medlemer i det nye kommunestyret
- Kriterium for samansetjing og funksjonar til fellesnemnd etter §26 i Inndelingslova
- Val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- Opprettning av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga

Denne saka omhandlar talet på medlemer i kommunestyret til den nye kommunen.

Saksopplysningar/fakta:

Intensjonsavtalen seier at det skal vere minst 33 medlemmer i kommunestyret. Minste lovlege storleik i kommune med over 10.000 innbyggjarar er 27.

Pkt. 5 i intensjonsavtalen lyder:

5. Prinsipp for politisk styring

Vi er samde om at den nye kommunen skal bygge på formannskapsmodellen etter KL. § 8 som styringsform.

Kommunestyret skal ha minimum 33 medlemmer, dette vert nærmere fastlagd av Fellesnemnda.

Fellesnemnda skal vurdere ulike demokratiske modellar for å møte behova for deltaking i ei større geografisk eining. Fellesnemnda tek avgjerd om korleis ein elles skal utforme den politiske organiseringa, mellom anna gjere vurderinger knytt til opprettning av kommunedelsutval etter Kommunelova sin § 12. Herunder skal Fellesnemnda også gjere vurderinger knytt til direkte val av medlemmar til kommunedelsutvala (Kommunelova §12.2).

Nemnda for politisk organisering drøfta saka i møte 11.05.2017. I referatet frå møtet som fylgjer denne saka går det fram;

Eg oppfatta komiteen slik at det er grei tilslutning til 33 medlemer i kommunestyret og 9 medlemer i formannsskapet. No treng vi berre å vere samd om storleiken av kommunestyret i samband med forslaget som skal til regjering og Storting og det kom ikkje fram meiningar som avvik frå 33.

(ref. Jørgen Amdam, leiar i nemnda)

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen/prosjektleiar har ikkje merknader til saka og vil tilrå at talet på kommunestyremedlemer i den nye kommunen vert 33.

Utskrift av endeleg vedtak:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

NOTAT – POLITISK ORGANISERING

JØRGEN AMDAM v 12.5 Revidert notat med grunnlag i drøftingar 11.5

INNLEIING

I intensjonsavtalen heiter det:

5. Prinsipp for politisk styring

Vi er samde om at den nye kommunen skal bygge på formannskapsmodellen etter KL. § 8 som styringsform.

Kommunestyret skal ha minimum 33 medlemmer, dette vert nærmere fastlagd av Fellesnemnda.

Fellesnemnda skal vurdere ulike demokratiske modellar for å møte behova for deltaking i ei større geografisk eining. Fellesnemnda tek avgjerd om korleis ein elles skal utforme den politiske organiseringa, mellom anna gjere vurderingar knytt til opprettning av kommunedelsutval etter Kommunelova sin § 12. Herunder skal Fellesnemnda også gjere vurderingar knytt til direkte val av medlemmar til kommunedelsutvala (Kommunelova §12.2).

Dette medfører at vi må drøfte politisk organisering på tre nivå:

1. Kommunestyre – formannsskap - ordførar
2. Politiske nemnder
3. Kommunedelutval etter kommunelova § 12 - grendeutval

I tillegg til prinsipielle drøftingar skal vi også lage utkast til reglement og gjere anna forarbeid til politisk organisering med innstilling til Fellesnemnda.

I dette notatet vil eg forsøke å peike på nokre av utfordringane vi har som ein start på drøftingane vi må ha i utvalet

Prosessen i gruppa

Vi må fokusere på utfordringar og behov som den nye kommunen møter, og korleis ein bør organisere seg politisk for å møte desse, like eins kav arbeidsmåtar dei politiske organa bør ha. I arbeidet må vi drøfte kva ynskjer vi å oppnå og kva ynskjer vi å unngå. Det er viktig å organisere seg at vi får ei samlande kommune og unngå oppsplitting. Eg meiner det er viktig å tenkje seg godt om korleis ein til dømes skal dele opp kommunen i kommunedelsutval med formell makt eller fortsette med meir uformelle grendeutval.

Vi bør kople prosessen til kommunen sine oppgåver:

- samfunnsutvikling
- tenesteyting
- myndigheitsutøving
- demokrati

Vi bør også vurdere dette ut frå grunnleggjande verdiar for kommunane

- effektivitet
- likskap
- deltaking

Kommunelova sin formålsparagraf (§1) legg også føringar.

Dette betyr at vi bør gi oss god tid og også drøfte moglege alternativ grundig i utvalet, med kommunestyra og i høyringar/drøftingar i dei ulike kommunedelane. Slike prosessar kan gjerast tematiske.

Prosjektplanen for samanslåinga tilseier at organisering og leiingsstruktur skal vere på plass i mars 2018. Då bør også prinsippa for politisk organisering vere på plass og slik at vi kan fokusere på arbeid med reglement m.m. fram mot 1. juni 2018.

I arbeidet må vi ha brei mobilisering og vi må lage til ein eigen prosessplan for det. Nokre viktige element er å engasjere andre aktørar enn Fellesnemnda som oppdragsgiver:

Kommunestyra:

Vi bør ha sams seminar med begge kommunestyra minst slik:

- Tidleg haust: Idedugnad der vi legg fram utfordringar og idear og får kommunestyra på tvers av kommunegrensene til å sjølv kaste fram idear om politisk organisering og arbeidsmåtar på alle tre nivå.
- Februar-mars 2018: Framlegging og drøfting av vår utkast til tilråding før vi lagar vår tilråding til Fellesnemnda.

Grendene:

Haust: Invitere glandene og glandeutval til opne møter for å drøfte organisering spesielt på lokalt nivå

Opne drøftings- og idemøte:

Bruke til dømes biblioteka til opne drøftingsmøter der vi fremmar våre idear for drøfting

Aktiv bruk av presse og sosiale medier.

NIVÅ 1: KOMMUNESTYRE - ORDFØRAR

Intensjonsavtalen seier at det skal vere minst 33 medlemmer i kommunestyret. Minste lovlege storleik i kommune med over 10.000 innbyggjarar er 27. Eg vil foreslå at vi held oss til intensjonsavtalen og tilrår 33 medlemmer i kommunestyret.

Formannsskap har til vanleg 1/3 av medlemmane av kommunestyret – des. 11. Eg synes det er eit høgt tal medlemmer om FS skal vere ein politisk verkstad. 9 representantar vil også kunne sikre at det er rimeleg representasjon både frå grender og politiske parti.

Eg oppfatta komiteen slik at det er grei tilslutning til 33 medlemer i kommunestyret og 9 medlemer i formannsskapet. No treng vi berre å vere samd om storleiken av kommunestyret i samband med forslaget som skal til regjering og Storting og det kom ikkje fram meiningar som avvik frå 33.

Arbeidsmåtar og ansvar

I samband med m.a. reglementarbeidet må vi drøfte kva forventningar vi har til korleis kommunestyre og ordførar skal arbeidet – kva rolle dei skal ha i forhold til innbyggjarar og til administrasjon. Slik eg har

opplevd det i samarbeid med mange kommunar varierer rollene frå å vere reine vedtaksorgan der alt initiativ kjem frå administrasjonen til at politiske organ går langt inn i det eg oppfattar som administrative oppgåver og ansvar. Det er også store variasjonar i delegasjon og kva saker som blir oppfatta som politiske. Arbeidsmåtane kan variere frå reine vedtaksprosessar til aktivt førebuande idedugnader m.m. som vi har fått til i ein del plansaker, men som sikkert også kan brukast meir. Etablering av ei ny kommune gir høve til å bryte tradisjonar og «stiar» og tenke nytt – i den samanhengen også å «lære opp» det nye kommunestyret og ordførar/varaordførar etter valet i 2019. Slike prinsipp må så langt der er høveleg nedfellast i reglement.

Ut frå den totale politiske organiseringa må vi skissere kva vi forventar av kommunestyret og ordførar/varaordførar som den øverste politiske leiinga til kommunen.

Kommunestyret – moglege roller: Vedtaksorgan, politisk verkstad, agendasettar – aktiv – reaktiv

Ordførar: Ordstyrar, legal representant, forhandlar, initiativtakar, prosessleiar

NIVÅ 2: POLITISKE NEMNDR KOMMUNENIVÅ

Nemndstruktur i tillegg til formannsskap står det fritt til å vedta for den einskilde kommunen. Over tid er det to hovudprinsipp som går igjen:

- a. Sektororganisering – dvs. at det er knytt ei politisk nemnd til kvar administrativ sektor – av typen skulenemnd, barnehagenemnd, helsenemnd m.m. Om ein følgjer dette prinsippet må politisk og administrativ organisering sjåast og vedtakast i samanheng. Denne måten å organisere på var vanleg før den sterke veksten i kommunale oppgåver.
- b. Sektorovergripande – formålsorganisering. Typisk er organiseringa i Volda i dag med driftsstyre og forvaltningsstyre og der det er forventa at driftsstyret skal sjå samanhengar på tvers av alle driftsoppgåve (skule, helse, omsorg ...) og forvaltningsstyret skal sjå samanhengen mellom alle forvaltningsoppgåvene – på tvers av sektorane. Dette er store og komplekse utfordringar og i Volda er det vedteke å splitte driftsstyret i to utval med fokus på oppvekst og omsorg.

I tillegg er det sjølvagt mange «hybridar» av desse to prinsippa. Uansett kan ein ikkje sjå denne strukturen uavhengig av administrativ organisering og vi må derfor vere i tett dialog med prosjektleiar/rådmann om dette og med sikte på ei om lag samtidig avklaring.

I stor grad vil denne organiseringa også avhenge av kva vi kjem fram til om kommunedelutval – grendeutval - spesielt kva oppgåver desse skal ha.

Det er sannsynleg at den administrative organiseringa i den nye kommunen vil vere sektoriell og ikkje flat struktur. Dette kan gjer det formålstenleg med ei politisk organisering som ikkje er ulik den Volda kommune etablerer frå hausten 2017. Til no har vi hatt eit eige driftsstyre med 9 medlemer og med ansvar for all drift – noko som har ført til eit stort oppgåvespenn og uklar kopling administrativt.

Formannsskap – 9 medlemer – plannemnd, økonomi m.m.

Forvaltningsutval – 9 medlemer - Handsaming av alle saker, der kommunen kan påleggje einskildpersonar, foretak eller grupper plikter eller gje einskildpersonar, foretak eller grupper rettar med heimel i lov innanfor planlegging, byggjesak og teknisk område i kommunen, samt viltforvaltning/innlandsfiske, friluftsliv, miljø og landbruk.

Tenesteutval for oppvekst og kultur – 7 medlemer - Handsaming av alle saker som gjeld oppvekst – barn, unge, familie og kultur. Oppvekstsjefen møter fast, andre sektorsjefar møter utvalet etter behov.

Tenesteutval for omsorg og helse – 7 medlemer - Handsaming av alle saker som gjeld omsorg for eldre, rus, psykiatri m.m. og helsetenester. Helse-/omsorgssjefen møter fast, andre sektorsjefar etter behov.

Arbeidsmåtar

På same måten som for øverste nivå bør vi tenke grundig gjennom kva arbeidsmåtar utvala skal ha og kva forventningar vi må ha til dei. I driftsstyret i Volda har dei hatt positive erfaringar med aktiv involvering i arbeid med strategi- og handlingsplanar der dei som politisk organ har innverka både på målstruktur og strategiar/tiltak i aktiv samspel med ansvarleg administrasjon og gjennom det utvikla gjensidig eigarskap.

I forslaga til nytt reglement for utvala i Volda er det teke med desse forventningane:

Utvalet skal i lag med administrasjonen stimulere:

- *Arena og rom for utviklingsarbeid. Organisering som opnar for kreativitet og utvikling av kommunen; samfunnet er i utvikling og dette bør også kommunen speile (f.eks. Bulyst); rom for å ta opp nye idear*
- *Vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre god kvalitet*
- *Gode samarbeidsprosessar mellom politikarane og administrasjonen som sikrar gode beslutningsgrunnlag og at vedtak blir følgd opp*
- *Politikarar med oversikt og faginnsikt og som driv oppsøkande verksemd*
- *Eit godt omdøme*

Ei kommune med om lag 10.000 innbyggjarar som den nye kommunen bør ha eit system med «rullerande planar» ikkje berre overordna kommuneplan og handlingsprogram/økonomiplan, men også særskilte planar/handlingsprogram for dei viktige aktivitetane som oppvekst, kultur, omsorg, helse, vedlikehald m.m. Slike bør koblast til dei ulike utvala som ansvarsområde og også med forventningar om aktiv deltaking i og eigarskap til planane, dei bør vere vedkomande utval sine «arbeidsplanar». I slikt arbeid er det gjerne ulike fasar som:

- Grunnlagsarbeid – utarbeidning av utkast til plan – «uformelt arbeid» men der aktivt innhald blir utvikla og der utvala må ha ei aktiv rolle i lag med tilhøyrande administrasjoner
- Høyring og vedtak – formell fase med innspel – og der utvala bør vere første skanse i bearbeidning av innspel og justering av planar før formell behandling i FS/KS
- Gjennomføring – administrativt ansvar
- Evaluering av resultat m.m. – her bør utvala ha ei aktiv rolle som grunnlag for arbeidet med å rullere/justere planar.

NIVÅ 3: KOMMUNEDELUTVAL - GRENDEUTVAL

Drøftingane våre viser at det kan vere sprikande meininger om lokal politisk organisering. Intensjonsavtalen slår fast at det skal vere områdeorganisering av viktig basistenester som barnehage, skule, omsorg m.m. og som vi reknar med at det vidare arbeidet med administrativ organisering vil avklare.

- Utvikle desentraliserte tenestetilbod som skular, sjukeheimar, helse, herunder legeteneste, barnehagar, tekniske tenester, brannberedskap og kulturtildod der dei er no. Legeheimlar og helsetilbod (fysioterapi, frisklivssentral) fortsatt skal vere på Helsehuset i Hornindal.
- Austefjord skal inngå i opptaksområdet til Hornindal skule

Med slik organisering er det mogleg å knytte politisk organisering til slike organisasjonar slik som rolla bydelsutval har i dei store byane. Mot dette kan det innvendast at forholda i vår ny kommune er langt meir oversiktleg og at ei slik organisering kan føre til områdekamp og ein lite effektiv administrasjon kombinert med uheldige politiske dragkampar.

Volda har 18 grendeutval – nokre fungerer svært godt – andre er passive eller ikkjefungerande spesielt i sentrum. Det er grendeutvala sjølv som syter for oppnemning m.m. og som blir godkjent av kommunestyret mot å få litt økonomisk støtte. Alternativ til formelle kommuneutval kan vere slike grendeutval, og vi må sjå nærmere på modellar for organisering og oppgåver som grunnlag for vidare drøfting av organisering på dette nivået.

Vi har dermed to hovedalternativ vi bør drøfte nærmere og også drøfte med kommunestyra, grendene og innbyggjarane våre.

Alternativ kommunedelutval

Intensjonsavtalen viser til kommunelova § 12:

§ 12. Kommunedelsutvalg

1. *Kommunestyret kan selv opprette kommunedelsutvalg for deler av kommunen. Kommunestyret velger selv medlemmer og varamedlemmer til utvalget, og blant medlemmene leder og nestleder.*
2. *Kommunestyret selv kan fatte vedtak om at medlemmene til ett eller flere kommunedelsutvalg i kommunen skal velges av innbyggerne i vedkommende kommunedel (direkte valg). Der medlemmene til kommunedelsutvalget er valgt ved direkte valg, velger utvalget selv leder og nestleder.*
3. *Kommunestyret fastsetter selv kommunedelsutvalgenes arbeidsoppgaver. Kommunedelsutvalg kan tildeles avgjørelsesmyndighet i alle saker vedrørende kommunedelen hvor ikke annet følger av lov.*
4. *Kommunedelsutvalget kan gi lederen, et arbeidsutvalg eller lederen av administrasjonen i kommunedelen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret har bestemt noe annet.*
5. *Kommunestyret kan selv når som helst omorganisere eller nedlegge kommunedelsutvalg. Dette gjelder ikke når kommunedelsutvalget er valgt ved direkte valg.*
6. *For gjennomføringen av direkte valg til kommunedelsutvalg gjelder bestemmelsene i valgloven så langt de passer.*
7. *Departementet kan i forskrift gi nærmere bestemmelser om direkte valg til kommunedelsutvalg.*

Intensjonsavtalen tilseier at vi kan opprette kommunedelutvalg, noko som gjer at vi mellom anna må avklare:

- a. Geografisk inndeling av kommunen
- b. Oppgåver - ansvar
- c. Samansetning – direkte eller indirekte val
- d. Vedtekter

Inndeling - utfordringar.

Bør følgje grensene til kommunale tenestefunksjonar som skulekrins, barnehage eventuelt sjukeheim/aldersbustader og så langt som mogleg naturlege avgrensingar – dvs større område enn til dømes grendeutvala Volda kommune har i dag. Avhengig av oppgåver bør det vere ein nær samanheng med områdeorganisering av produksjon som intensjonsavtalen legg opp til. Områda bør også vere valkrinsar. Samtidig gir intensjonsavtalen nokre signal. Ei stor utfordring er dels kva vi skal gjere/organisere i sentrum som har om lag 6000 innbyggjarar – på den andre sida av skalaen Dalsfjord.

Eit første tentativt utspel:

- Hornindal og Austefjord bør vere eit sams område for områdeorganisering av produksjon og bør ha eit sams kommunedelutval
- Mork/Berknes avgrensa som skulekrinsen er i sterk vekst og bør ha eit eige utval
- Sentrum Volda bør ha eit eige utval – ei oppdeling kan føre til kunstige skillelinjer
- Folkestad avgrensa som skulekrinsen bør ha eige utval, eventuelt i fellesskap med Dalsfjord
- Dalsfjord avgrensa som skulekrinsen bør ha eit eige utval, eventuelt i fellesskap med Folkestad.

Oppgåver

Det er naturleg at kommunedelutval får eit spesielt ansvar med å følgje med på kommunal verksemd i sitt eige område, gjerne som eit ombod. I tillegg bør grendeutval ha eit spesielt ansvar for lokalsamfunnsutvikling i samarbeid med kommunen – dvs. drift, forvaltning og utvikling.

Oppgåver vil kunne vere:

- a. Lokalt utviklings- og nærmiljøarbeid – at lokalutvala blir tildelt midlar årleg som dei kan bruke til slike arbeid og i tillegg kan dei søke midlar til spesielle prosjekt. Dette kan gjelde frivillig sektor så vel som små næringsretta tiltak.
- b. Lokalt plan- og bygningsarbeid – skal involverast i kommunedelplanar for eige område, uttale til alle saker etter PBL i området. Tilsvarande kunne uttale seg i alle relevante politiske saker.
- c. Tett kontakt med og oppfølging av kommunale tenester i lokalområdet – ei ombodsrolle og samarbeidsorgan mellom bygd og teneste. Dette vil spesielt gjelde oppvekst og omsorg.
- d. Kontakt med politisk og administrativ leiing
- e. Samarbeidsorgan for området og for frivillig aktivitet. Kan organisere ad-hoc/oppgåveutval for å invitere inn private, frivillige for å løyse ei bestemt oppgåve.
- f. Andre oppgåver som utvalet sjølv finn rett til å arbeide med – take initiativ til politiske saker Og med forslagsrett til KS, FS ... ?

Det må drøftast nærmare kva vedtaksmynne desse utvala skal ha, kan dei til dømes få eit budsjett kvar på 100.000 kr. som dei kan disponere rimeleg fritt til lokalsamfunnsutvikling? Grendeutvala bør ha eit sekretariat som kan koordinere verksemda og stimulere til gjensidig læring.

Samansetning

Kommunelova opnar for både indirekte og direkte val – noko vi må ta stilling til.

I tillegg kan det vere utfordringar knytt til:

- Storleik – prinsipp for samansetning og val
- skal faste kommunestyremedlemmer som bur i grenda/valkrinsen vere medlemmer evt. ha møterett/-plikt i desse utvala?
- Kva mynde skal utvala ha i forhold til leiarar av kommunal produksjon i grenda (rektarar, omsorgsleiarar ...)

Lokalutvala bør kunne møtast i fellesskap ein til to gangar i halvåret som eit "lokalparlament" til dømes knytt til budsjettarbeid, rullering av planar m.m. og med uttalerett til politiske organ.

Alternativ grendeutval

Organisering med grendeutval vil følgje tradisjonen som Volda har der desse sjølv definerer kva rolle dei skal ha, kva initiativ dei tek m.m. – dei er ikkje underlagt noko kommunalt politisk eller administrativt system. Likevel kan det vere aktuelt å gi dei ei meir aktiv rolle i plansaker og spesielt lokalt utviklingsarbeid og kanskje også større «økonomiske musklar» - gjerne også sekretariat?

Ved dette alternativet må vi aktivt samarbeide med dei eksisterande grendeutvala og reise spørsmål som:

- Storleik og område – i stor grad er organiseringa i dag knytt til dei gamle skulekrinsane – er det mogleg å slå saman til færre område – til dømes dei nye skulekrinsane – eller ei mellomløysing
- Korleis skal ein etablere grendeutval i Hornindal – korleis få liv i utvala i Volda sentrum?
- Kva roller – oppgåver kan/bør utvala ha – jamfør lista ovanfor

REFERAT

MØTE: ORGANISASJONSUTVALET

Møteleiar: Jørgen Amdam	Referent: Berit Lyngstad
Dato 11.05.17	Møtetid frå – til 1400-1600
Stad: Møterom 385 c - Rådhuset, Volda kommune	
Tilstades: <u>Medlemmar Hornindal:</u> Per Maurset, Eldar Englund, Stig Olav Lødemel <u>Varamedlemmar Hornindal:</u> Brynhild Lund Notøy, Bente Tryggestad <u>Medlemmar Volda:</u> Rebecca Riise Bjerknes, Arild Iversen, Jørgen Amdam (leiar)	Forfall: <u>Varamedlemmar Volda:</u> Dan Helge Bjørneset, Hild Våge
Også tilstades: Rune Sjurgard, rådmann Volda, Ann Kristin Langeland, rådmann Hornindal, Joakim Rødven, kommunikasjonsrådgjevar, Berit Lyngstad, personalsjef Volda	

	Sak
1	Innleiing v/leiar Jørgen Amdam <i>Jørgen Amdam innleia møtet ved å ta utgangspunkt i prosessnotat utsendt. Han skisserte tre hovedspørsmål for dagens møte:</i> a) korleis oppfattar vi mandatet vårt? b) Kva arbeidsmetodar/måtar skal vi legge opp til? c) Kva tenkjer vi om utfordringsbildet skissert i notatet, knytt til: - kommunestyre og formannskap - Politiske nemnder - kommunedelutval
c	Kommunestyre og formannskap <i>Intensjonsavtala sei at det som eit minimum skal vere 33 medlemmar i det nye kommunestyret. Sjølv om enkelte meinte det kan verte for stort, var det stor semje om betydinga av brei representasjon og at 33 representantar er med og sikrar dette. Utvalet vil allereie no tilrå at det nye kommunestyret blir på 33 representantar.</i> <i>Det er vanleg at Formannskapet har 1/3 av medlemmane i Kommunestyret, for ny kommune blir dette 11 representantar. Fleire meinte dette var for stort til å få gode og effektive arbeidsprosessar/danne eit arbeidsutval. Samstundes så ein at spørsmålet om storleik må sjåast opp mot politisk organisering forøvrig (samtidig administrativ organisering). Spørsmålet om storleik på Formannskapet må konkluderast seinare i prosessen.</i>
c	Politiske nemnder

REFERAT

	<p><i>Det vart tatt ein gjennomgang på dagens organisering i begge kommunane. Den ulike organiseringa er tilpassa den enkelte organisasjon, og samanslåing gjev høve til å tenkje nytt også om dette.</i></p> <p><i>Det vart diskutert både sektorvis og sektorovergripande måtar å organisere seg på. Det er viktig å ta høgde for kompleksiteten i dei kommunale tenestene og forvaltninga av dei, og organiseringa må vere slik at politikarane greier å få god nok kunnskap/gå tilstrekkeleg i dybda på viktige område.</i></p> <p><i>Prosessane rundt politisk og administrativ organisering må samkjørast og henge i hop.</i></p> <p><u>Administrativ organisering:</u></p> <p>Rådmann Rune Sjurgard orienterte litt om korleis administrativ styringsgruppe tenkte om prosessen. Det vil bli gjennomført ei evaluering av dagens hovudstruktur i begge kommunane. Det vil bli helde ei samling, der ein gjennomførar ein SWOT-analyse. Deltakarar vil vere sektorleiarar, hovudtillitsvalde, hovudverneombod og andre sentrale rådgjevarar/nøkkelpersonar. Administrativ organisering skal vere på plass medio mars 2018.</p> <p>Til vitande: Administrativ styringsgruppe består av rådmann Hornindal Ann Kristin Langelang, rådmann Volda Rune Sjurgard, hovudtillitsvald Delta Hornindal Norun Helene Holmøy-Wang, hovudtillitsvald Fagforbundet Volda Oddbjørg Yksnøy Rangsæter, assisterande rådmann Volda Asbjørn Moltudal.</p>
c	<p>Kommunedelutval</p> <p><u>Kommunedelutval:</u> Etter ein grundig gjennomgang var det semje om at ein skal vere forsiktig med å organisere seg med kommunedelutval. Eit kommunedelutval er eit utval med avgjerdsmynde. Om den nye kommunen skal organisere seg slik må dei ulike utvala ha eit reelt budsjett, samt administrativ støtte til saksutgreiing, utsendingar og protokollskriving mm. Det var også usikkerheit om slike utval ville få nok saker, og om storleiken på evt tildelt budsjett ville gje nok handlingsrom til at organiseringa var hensiktsmessig. Det er eit mål å legge til rette for at ny kommune vil verke samlande på innbyggjarar, politikarar og tilsette. Fleire ga uttrykk for usikkerheit om kommunedelutval ville ha den effekten.</p> <p><u>Grendautval:</u> fleire hadde positive erfaringar med grenaudutval. Det er ein enklare modell, som ikkje har avgjerdsmynde, men som kan vere eit gjensidig talerøyr for innbyggjarar og politikarar. Dei kan også involverast i aktuelle saker, sitte i arbeidsgrupper mm.</p> <p>Det kom forslag om at ein bør evaluere ordninga med grenaudutval, korleis har det fungert, kva skal til for å revitalisere ordninga.</p>
b	<p>Arbeidsmetodar og arbeidsmåtar</p> <p>Mange tok til ordet for at ny kommune måtte organiserast slik at politikarane vart involverte. At kommunestyret var med på utviklinga av resultat. At dei ulike utvala, formannskap og kommunestyre ikkje berre blir involvert når vedtak skal fattast. Dette kan gjerast på fleire måtar, ved arbeidsgrupper, prosjektarbeid osb.</p> <p>Viktig at politikarar og administrasjon samarbeidar tett, men då treng ein god rolleforståing og rolleavklaring.</p> <p>Slik var det fleire som påpeika at val av arbeidsmetode var viktigare enn sjølvre strukturen, dei politiske utvala.</p>

REFERAT



Neste møte: torsdag 8. juni kl 1400-1600, Smia Hornindal



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Rune Sjurgard	Arkivsak nr.:	2016/1981
		Arkivkode:	000, &20

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
20/17	Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar Kommunestyret	29.05.2017

VAL AV REVISOR TIL FELLESNEMNDA

Kontrollutvalet si tilråding:

Kommunestyret vedtek at Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS vert valt til revisor til fellesnemnda for samanslåing av kommunane Volda og Hornindal

Vedleggsliste:

Sak 18/17 Val av revisor til fellesnemnda - Volda
Sak 13/17 Val av revisor til fellesnemnda - Hornindal

Saksopplysning/fakta:

Det vert vist til vedlegg, «Utskrift frå møteprotokoll frå kontrollutvalet – Sak 18/17, Val av revisor til fellesnemnda».

Rune Sjurgard
rådmann



UTSKRIFT

frå

MØTE PROTOKOLL

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Volda kommune	15/17	026	03.05.2017

SAK 18/17 VAL AV REVISOR TIL FELLESNEMNDA

Rådmann Rune Sjungard var til stades i denne saka. Han orienterte kort om prosessen rundt kommunenesamanslåinga.

Revisor Halldis Moltu, tilsett i Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, gikk frå som inhabil til i gi noko uttale i saka.

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet i Volda rår til at Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS vert valt til revisor til fellesnemnda for samanslåing av kommunane Volda og Hornindal.

Vedlegg

Saksopplysning

Ordføraren i Volda ynskjer at kontrollutvalet kjem med ei tilråding på revisor til fellesnemnda for samanslåing av kommunane Volda-Hornindal.

Norges kommunerevisorforbund har fått utarbeidd ei sjekkliste for revisor, kontrollutval og sekretariat i samband med kommunereformarbeidet. I dette dokumentet kjem flg. fram når det gjeld val av revisor til fellesnemnda:

«Etter Inndelingslova § 25 skal fellesmøtet mellom de aktuelle kommunestyrene som fylkesmannen kaller inn til etter at det er gjort vedtak om sammenslåing, drøfte valg av revisor for fellesnemnda. Valg av revisor skjer deretter i de respektive kommunestyrene, forutsetningsvis som likelydende vedtak.

Inndelingsloven sier ikkje noe om kontrollutvalgets rolle i behandlingen. Praksis i frå kommunene i Vestfold (fire prosesser) er at i tre tilfeller har kommunestyrene valgt revisor etter innstilling frå kommunenes kontrollutvalg. I det siste tilfelte er det gjennomført val av revisor etter direkte vedtak i kommunestyrene.

Prosjektgruppen anbefaler å følgje vanlig prosedyre ved val av revisor i kommunene, dvs. val foretas av kommunestyrene etter innstilling fra de sammenslående kommunenes kontrollutvalg. Dette vil også styrke legitmiteten til det valget som gjøres.

I praksis vil valg av revisor ikke volde noen problem, så lenge de kommunene som skal slå seg sammen, har samme revisor. Når kommunene har forskjellig revisor, vil det kunne tenkes

at kontrollutvalgene ikke innstiller på samme revisor. Her er det lovens forutsetninger at spørsmålet skal drøftes og avklares i fellesmøtet, og at kommunestyrrene deretter fatter likelydende vedtak.

Normal føres fellesnemndas rekneskap av en av de berørte kommunene. Den praktiske løsningen vil da være at regnskapsførende kommunenes revisor også velges som revisor for fellesnemnda»
(Understrekinga framom er gjort av Vest kontroll)

Ein er i den situasjon at Volda kommune vert revidert av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta).

Hornindal kommune vert revidert av Kommunerevisjonen i Nordfjord (Eid, Gloppen, Hornindal, Selje, Stryn og Vågsøy).

Frå Volda kommune vert det opplyst at Volda kommune fører/skal føre rekneskapen for fellesnemnda, då på eit eige ansvarsområde i kommunerekneskapen. Altså ikkje eit eige særrekneskap.


Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS opplyser at kostnaden vil bli helt ubetydeleg med å revidere rekneskapen for fellesnemnda, då den er ein del av kommunerekneskapen.

Ut frå det opplysningane som kjem fram vil det vere mest tenleg at Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS vert valt til revisor for fellesnemnda.

Rett utskrift

Åram 9. mai 2017

VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL


Jostein Støylen
Dagleg leiar

Utskrift til: **Ordføraren i Volda**
Rådmannen i Volda
Fellesnemnda Volda – Hornindal v/Volda kommune

Dato: 28.04.2017

Arkiv: 026

Kontrollutvalet

SAK 18/17 VAL AV REVISOR TIL FELLESNEMNDA

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet i Volda rår til at Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS vert valt til revisor til fellesnemnda for samanslåing av kommunane Volda og Hornindal.

Vedlegg

Saksopplysning

Ordføraren i Volda ynskjer at kontrollutvalet kjem med ei tilråding på revisor til fellesnemnda for samanslåing av kommunane Volda-Hornindal.

Norges kommunerevisorforbund har fått utarbeidd ei sjekkliste for revisor, kontrollutval og sekretariat i samband med kommunereformarbeidet. I dette dokumentet kjem flg. fram når det gjeld val av revisor til fellesnemnda:

«Etter Inndelingslova § 25 skal fellesmøtet mellom de aktuelle kommunestyrene som fylkesmannen kaller inn til etter at det er gjort vedtak om sammenslåing, drøfte valg av revisor for fellesnemnda. Valg av revisor skjer deretter i de respektive kommunestyrene, forutsetningsvis som likelydende vedtak.

Inndelingsloven sier ikke noe om kontrollutvalgets rolle i behandlingen. Praksis i frå kommunene i Vestfold (fire prosesser) er at i tre tilfeller har kommunestyrene valgt revisor etter innstilling frå kommunenes kontrollutvalg. I det siste tilfelte er det gjennomført val av revisor etter direkte vedtak i kommunestyrene.

Prosjektgruppen anbefaler å følgje vanlig prosedyre ved val av revisor i kommunene, dvs. val foretas av kommunestyrene etter innstilling fra de sammenslående kommunenes kontrollutvalg. Dette vil også styrke legitimiteten til det valget som gjøres.

I praksis vil valg av revisor ikke volde noen problem, så lenge de kommunene som skal slå seg sammen, har samme revisor. Når kommunene har forskjellig revisor, vil det kunne tenkes at kontrollutvalgene ikke innstiller på samme revisor. Her er det lovens forutsetninger at spørsmålet skal drøftes og avklares i fellesmøtet, og at kommunestyrene deretter fatter likelydende vedtak.

Normal føres fellesnemndas rekneskap av en av de berørte kommunene. Den praktiske løsningen vil da være at regnskapsførende kommunenes revisor også velges som revisor for fellesnemnda»

(Understrekninga framom er gjort av Vest kontroll)

Ein er i den situasjon at Volda kommune vert revidert av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta).

Hornindal kommune vert revidert av Kommunerevisjonen i Nordfjord (Eid, Gloppen, Hornindal, Selje, Stryn og Vågsøy).

Frå Volda kommune vert det opplyst at Volda kommune fører/skal føre rekneskapen for fellesnemnda, då på eit eige ansvarsområde i kommunerekneskapen. Altså ikkje eit eige særrekneskap.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS opplyser at kostnaden vil bli helt ubetydeleg med å revidere rekneskapen for fellesnemnda, då den er ein del av kommunerekneskapen.

Ut frå det opplysningane som kjem fram vil det vere mest tenleg at Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS vert valt til revisor for fellesnemnda.



Jostein Støylen

Dagleg leiar



Kommunereform - sjekkliste for revisor, kontrollutvalg og sekretariat



Norges Kommunerevisorforbund

1 Innledning

Styret i NKRF satte i møte 06.05.15 ned en prosjektgruppe for å forberede kontrollutvalgssekretariat og revisjonsenhetene på den forestående kommunestrukturreformen.

Målet for prosjektet ble angitt å være utarbeidelse av en sjekkliste over forhold som kommunene bør være spesielt oppmerksomme på i forbindelse med kommunereformen. Sjekklisten må også inneholde henvisninger til kilder for regelverk, veileddinger mm. der det er hensiktsmessig. Sjekklisten skal utarbeides på områdenivå, og ikke gå i detaljer.

Sjekklisten skal utformes på en måte som gjør at den blir til nytte i rådgivningen til kommunene, for kontrollutvalgets tilsyn med endringsprosessen, og for revisor som kilde for risikovurderinger.

Prosjektgruppen fikk følgende sammensetning:

<i>Orrvar Dalby</i> (leder)	daglig leder, Vestfold Interkommunale Kontrollutvalgssekretariat
<i>Irene Loka</i>	revisjonssjef, Kommunerevisjonen Vest, Vest–Agder IKS
<i>Anders Svarholt</i>	seksjonsleder forvaltningsrevisjon, Østfold kommunerevisjon IKS
<i>Ole Kristian Rogndokken</i>	daglig leder, NKRF

2 Arbeidsform

Prosjektgruppen har innhentet informasjon fra flere kilder for å høste erfaring fra tidligere gjennomførte kommunesammenslåinger. I tillegg har det blitt opprettet flere arbeidsgrupper som har avgitt egne rapporter. To av arbeidsgruppene rapporter er gitt en kort omtale i denne sluttrapporten, i tillegg følger de som vedlegg.

Prosjektgruppen har også hatt kontakt med Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). I kapitlene 7-10 har vi gjengitt noen spørsmål som vi oversendte KMD og departementets svar.

3 Definisjoner

1) Inndelingsloven. Rundskriv og veiledninger.

Inndelingsloven av 15. juni 2001 nr. 70 og forarbeidene til denne (**Ot.prp. nr. 41 (2000-2001)**) setter de lovmessige rammene for kommunesammenslåingsprosessen.

I **Meldingsdelen i kommuneopposisjonen 2015 (Prop. 95 S)** Kommunereform har regjeringen redegjort nærmere for opplegget med kommunereformen.

I rundskriv **H-10/2015** er bestemmelsene i loven kommentert og fortolket.

Departementet har i forbindelse med Kommunereformen gitt ut flere veiledninger bl.a.:

- **Formelle rammer i byggingen av nye kommuner**
- **Veileder til reglene om offentlige anskaffelser i forbindelse med kommunereformen**

4.2 Valg av revisor til fellesnemnda

Etter Inndelingslova § 25 skal fellesmøtet mellom de aktuelle kommunestyrrene som fylkesmannen kaller inn til etter at det er gjort vedtak om sammenslåing, drøfte valg av revisor for fellesnemnda. Valg av revisor skjer deretter i de respektive kommunestyrrene, forutsetningsvis som likelydende vedtak.

Inndelingsloven sier ikke noe om kontrollutvalgets rolle i behandlingen. Praksis i fra kommunene i Vestfold (fire prosesser) er at i tre tilfeller har kommunestyrrene valgt revisor etter innstilling fra kommunenes kontrollutvalg. I det siste tilfellet er det gjennomført valg av revisor etter direkte vedtak i kommunestyrrene.

Prosjektgruppen anbefaler å følge vanlig prosedyre ved valg av revisor i kommunene, dvs. valg foretas av kommunestyrrene etter innstilling fra de sammenslående kommunenes kontrollutvalg. Dette vil også styrke legitimiteten til det valget som gjøres.

I praksis vil valg av revisor ikke volde noe problem, så lenge de kommunene som skal slå seg sammen, har samme revisor. Når kommunene har forskjellig revisor, vil det kunne tenkes at kontrollutvalgene ikke innstiller på samme revisor. Her er det lovens forutsetning at spørsmålet skal drøftes og avklares på fellesmøtet, og at kommunestyrrene deretter fatter likelydende vedtak.

Normalt føres fellesnemndas regnskap av en av de berørte kommunene. Den praktiske løsningen vil da være at regnskapsførende kommunens revisor også velges som revisor for fellesnemnda.

4.3 Hvem skal revisor rapportere til?

I Ot.prp. nr. 41 (2000-2001) er det uttalt flg. under pkt. 8.2.3:

«Når det gjeld folkevalgt kontroll med verksemda i fellesnemnda, bør den ligge til den enkelte kommunen sitt kontrollutval, som kan føre kontroll på vegne av sin kommune. Dermed må revisor rapportere til alle dei aktuelle kommunane/fylkeskommunane.»

Fellesnemndas funksjonstid er begrenset og det er viktig med god forankring og innsyn i alle de deltagende kommuner. På denne bakgrunn anbefales at revisor rapporterer i tråd med anbefalingene i Ot.prp. nr. 41 (2000-2001.) Se ellers pkt. 6 under.

4.4 Valg av revisor i den nye kommunen (der fellesnemnda er gitt fullmakt til å velge løsning)

Fellesnemnda kan få fullmakt til å tilsette personale i den nye kommunen, herunder revisor, jfr. § 26, 5. ledd. Inndelingslova angir prosedyre for valget og her er det entydig slått fast i samme bestemmelse at kontrollutvalgene i de sammenslående kommunene skal avgjøre (hver sin) innstilling.

Når kommunene har forskjellig revisor, vil det kunne tenkes at kontrollutvalgene ikke innstiller på samme revisor. Der fellesnemnda har fått fullmakt til å velge løsning, må nemnda forholde seg til innstillingene og foreta det valget den mener er det beste. Det anbefales imidlertid at en forsøker å avklare en slik situasjon i forkant av behandlingen i fellesnemnda.

commune. Vi mener det vil være naturlig å uttale seg om budsjett dersom det legges fram et regnskap hvor det rapporteres mot budsjett, dvs. inneholder budsjettopplysninger. Vi har videre lagt til grunn at forholdet til budsjett vurderes på samme måte som ved revisjon av kommunen.

En annen problemstilling er hvem som skal være adressat for uttalelsen. Fellesnemndene vil i de fleste tilfeller eksistere i deler av to kalenderår, slik at det vil være snakk om to uttalelser. Siden det er fellesnemndas revisor det er snakk om, mener vi det riktige må være at revisors uttalelse avgis til fellesnemnda, men da den siste uttalelsen avlegges vil ikke fellesnemnda eksistere lenger. Det virker derfor naturlig at adressat for den siste uttalelsen vil være det nye kommunestyret. Uansett hvordan dette legges opp vil det trolig bli en situasjon med ulik adressat de to årene.

En tilknyttet problemstilling er hvem som ev. skal være kopimottakere. Dette spørsmålet må henge sammen med det som er uttalt om valg av revisjonsordning og behovet for folkevalgt kontroll. Som påpekt ovenfor skal kommunene i et fellesmøte ha drøftet valg av revisor til nemnden. I tillegg er det i Ot.prp. nr. 41 (2000-2001) uttalt flg. under pkt.8.2.3: «*Når det gjeld folkevalgt kontroll med verksemda i fellesnemnda, bør den ligge til den enkelte kommunen sitt kontrollutvalg, som kan føre kontroll på vegne av sin kommune. Dermed må revisor rapportere til alle dei aktuelle kommunane/fylkeskommunane.*» Ut fra dette er det naturlig at den enkelte kommunenes kontrollutvalg og kommunestyrrene får kopi av revisors revisjonsberetning/uttalelse.

4.8 Forvaltningsrevisjon

I kommuner som vil bli berørt av kommunereformen, bør tidshorisont og innhold i overordnet analyse og plan for forvaltningsrevisjon vurderes. Det bør vurderes hvilke forvaltningsrevisjonsprosjekter som vil være mest relevante i en slik situasjon. Kontrollutvalgene bør i denne fasen også vurdere andre kontrollvirkemidler som f.eks. orienteringer fra rådmannen og virksomhetsbesøk.

4.9 Selskapskontroll

Istedentfor ordinær selskapskontroll for kommuner som går inn i sammenslåingsprosesser, vil det være aktuelt for kontrollutvalget å ha fokus på kommunens strategi med sine forskjellige interkommunale samarbeidsløsninger, jfr. KMDs veileder «Formelle rammer i byggingen av nye kommuner» pkt. 4.4.3.

4.10 Vurdere konsekvenser for eget selskap

Sekretariatene anbefales å vurdere hvilke konsekvenser kommunereformen vil få for eget selskap. Det må bli en konkret vurdering når det er hensiktsmessig å starte denne vurderingen, men den bør senest påbegynnes når det er klart at en eller flere av eierne vil berøres av kommunereformen. Konsekvensene vil både kunne bli økonomiske og strukturelle. Beslutning i slike saker må tas av eierne etter at sekretariat har utredet og vurdert saken og styret har gitt sine anbefalinger.

Den samme situasjonen vil også oppstå for de kommunalt eide revisjonsselskapene.

6 Dreiebok - Årsoppgjør med fokus på kommunesammenslåing

Det ble også opprettet en arbeidsgruppe for å utvikle ei **dreiebok for årsoppgjør med fokus på kommunesammenslåing**. Arbeidsgruppen har bestått av følgende ansatte i Kommunerevisjonen Vest, Vest-Agder IKS:

*Irene Loka (leder) revisjonssjef,
Monica Nilsen
Alla Steffensen
Merete Becher Ingvoldstad*

Arbeidsgruppens mandat var:

- Lage et verktøy/sjekkliste til bruk ved avslutning av et kommuneregnskap i forbindelse med en kommunesammenslåing.

Dreieboken er ment å være et redskap for revisor og bygger på erfaringer fra kommunesammenslutninger i Danmark.

Dreieboken er et redskap for revisor ved revisjon av en kommune som er besluttet sammenslått med andre kommuner. Dreieboken konsentrerer seg om forhold som påvirker regnskapet. Det gjøres oppmerksom på at dreieboken kun er en veileding og ikke kan betraktes som uttømmende.

Nedpakking av et regnskap og sammenslåing av flere regnskap er en omstendelig og tidkrevende prosess. Dreieboken bygger på erfaringer fra tilsvarende prosesser i Danmark og tar for seg handlinger knyttet til alle delene av regnskapet på kapittelnivå i KOSTRA.

Dreiebok – Årsoppgjør med fokus på kommunesammenslåing følger som vedlegg 2.

7 Selvkost

- Hva skjer med avgiftsnivået i en kommune der de sammenslående kommunene har ulikt avgiftsnivå og ulik dekningsgrad
- Bruk av selvkostfond

Departementet svarte:

«Dersom kommuner som slår seg sammen, har forskjellig avgiftsnivå og/eller selvkostgrad (f.eks. hvis en kommune har vedtatt at gebyrinntektene skal dekke 100 pst. av selvkost, mens den andre kommunen har vedtatt at gebyrinntektene skal dekke 80 pst.), må det ved sammenslåingstidspunktet avtales felles satser.

Generelt kan kommunen differensiere avgiftsnivået ut fra innbyggernes bruk av tjenestene, men ikke ut fra geografi. Adgangen til å differensiere gebyrene innad i kommunen vil avhenge av hjemmelsgrunnlaget for det enkelte gebyret.

måte, slik at det den økonomiske situasjonen i den nye kommunen som avgjør resultatet, eller vil tidligere gitte garantier videreføres?

Departementet svarte:

«Garantier som er gitt av den enkelte kommunen, vil bli videreført i sin helhet etter sammenslåingen. Det kreves dermed ikke ny godkjenning av fylkesmannen.»

10 Pensjonsforhold

Dersom kommuner som slår seg sammen har valgt ulik amortiseringstid for premieavviket, vil amortiseringsperioden kunne videreføres på samme måte som før sammenslåingen, eller må den nye kommunen velge en felles amortiseringsperiode for hele kommunen?

Ved oppløsning av en pensjonskasse kan det oppstå et avvik mellom frigjort egenkapital og kravet til egenkapital i nytt selskap. Dersom det er et positivt avvik (frigjort egenkapital er større enn kravet til innbetaling av egenkapital i nytt selskap), hvordan skal denne frigjorte kapitalen håndteres?

Departementet svarte:

Forskrift om årsregnskap og årsberetning regulerer ikke hva som skjer med (gamle) premieavvik etter en sammenslåing. Vår vurdering er at det er naturlig å bruke samme tankegang som i GKRS sitt notat: Forståelse av KRS 5 – Presisering vedrørende pensjon, hvor løsningen er at tidligere års premieavvik fortsetter med samme amortiseringstid som før. For premieavvik som oppstår etter sammenslåingen, må det imidlertid benyttes enten ett eller syv års amortiseringstid, jf. forskrift om årsregnskap og årsberetning § 13-4.

Uten at vi har gjort noe nærmere vurdering av spørsmålet om hvordan frigjort egenkapital ved oppløsning av en pensjonskasse vil håndteres ved en sammenslåing, vil vi anta at dette som utgangspunkt vil være inntekter som hører til i investeringsregnskapet. Nærmere vurdering må eventuelt gjøres i de konkrete sakene.

For å være sikker på vilkår, prosedyre og frister ved ev. oppsigelse av pensjonsforhold må det tas kontakt med den aktuelle pensjonskassen.

11 Anskaffelser

Anskaffelser er et omfattende område. Hvilke muligheter har kommunen til å endre eller tilpasse seg eksisterende kontrakter? Hvordan håndtere nye innkjøpsbehov som oppstår i overgangsfasen? Dette er noen av problemstillingene som er omhandlet i KMDs veileder til reglene om offentlige anskaffelser i forbindelse med kommunereformen.

- Sørg for å ha nødvendige beredskapsløsninger på plass dersom det oppstår uønskede hendelser underveis.
- Som nevnt er etablering av ny IKT struktur en omfattende oppgave. Erfaringer fra tidligere prosesser viser at det er stor risiko for både under- og overkapasitet etter at sammenslåingen er gjennomført. Underkapasitet vil føre til dårlige tjenester og klager fra brukere, overkapasitet vil slå ut på budsjettet. I tillegg vil det kunne være urasjonelle løsninger, der en ikke får ut mot behov og gjennomføring mot plan.

13 Arkiv

Kommunestrukturreformen vil få store konsekvenser for kommunens dokumentasjon, enten den er på papir eller digital. Arkivverket og samarbeidspartnerne i SAMDOK har laget en veileder om arkiv til kommuner som skal slå seg sammen. Veilederen gir råd om hva som kan gjøres før vedtak om sammenslåing er fattet. Del 1 av veilederen er klar og del 2 og 3 skal komme i løpet av 2016.

14 Ledelse

Kommunereformen gir store utfordringer både innenfor politikk og administrasjon. Godt samspill og god ledelse vil være avgjørende i prosesser og for resultater. Det må skapes både involvering, engasjement hos de involverte, og mål må tydeliggjøres. God håndtering av arbeidsgiverrollen er en av nøklene for å nå lokale mål som kommuner setter seg i kommunereformen.

KS har utarbeidet heftet Arbeidsgiverpolitikk ved kommunesammenslåing, der de belyser noen sentrale forhold.

Ada Håberg

Fra: Jørgen Amdam <jorgen.amdam@volda.kommune.no>
Sendt: 25. april 2017 06:54
Til: Ada Håberg
Kopi: Anne Helen Sundalsfoll; Bodill Skeide; Halldis Moltu; Joergen Holte; Arne Ullaland; Inge Alexander Bruheim; Eiliv Halkjelsvik; Alinde Marie Bjørkedal; Bjørn Ytrestøy; Ragnhild Folkestad; Solfrid Førde; Torill Rødven Eide; Rune Sjurgard; Tor Mikalsen; Elin Mari Løvy Wilhelmsen; Ronald Hagen; Anne-Karin Espe
Emne: Re: Volda - Innkalling til kontrollutvalsmøte 03.05.2017 kl. 13.00

Revisjon for Fellesnemnda ny kommune

Eg vil be kontrollutvalget om ein tilråding om valg av revisor for fellesnemnda.

Jørgen Amdam Ordførar

21. apr. 2017 15.26 skrev Ada Håberg <Ada.haaberg@vestkontroll.no>:

Heisann!

No er innkalling og saker til kontrollutvalsmøtet **onsdag 03.05.2017 kl.13.00** tilgjengelig på vår heimeside.

Du finn innkalling og saker på denne linken: <http://www.vkus.no/kontrollutval/volda/moete-2017-c427091809>

Protokollar som må lesast gjennom før møtet:

Driftstyret

<https://innsyn.ssikt.no/volda/Dmb>ShowDmbDocument?mId=1378&documentTypeId=MP>

Forvaltningsutvalet

<https://innsyn.ssikt.no/volda/Dmb>ShowDmbDocument?mId=1415&documentTypeId=MP>

<https://innsyn.ssikt.no/volda/Dmb>ShowDmbDocument?mId=1416&documentTypeId=MP>

Formannskapet

<https://innsyn.ssikt.no/volda/Dmb>ShowDmbDocument?mId=1372&documentTypeId=MP>

<https://innsyn.ssikt.no/volda/Dmb>ShowDmbDocument?mId=1371&documentTypeId=MP>

Kommunestyret

<https://innsyn.ssikt.no/volda/Dmb>ShowDmbDocument?mId=1395&documentTypeId=MP>

Valnemnda

<https://innsyn.ssikt.no/volda/Dmb>ShowDmbDocument?mId=1429&documentTypeId=MP>

Valstyret

<https://innsyn.ssikt.no/volda/Dmb>ShowDmbDocument?mId=1431&documentTypeId=MP>

Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar

<https://innsyn.ssikt.no/volda/Dmb>ShowDmbDocument?mId=1425&documentTypeId=MP>

VØR-styret

http://vor.no/filesystem/2017/02/protokoll_vor310117_786.pdf

http://vor.no/filesystem/2017/04/protokoll_vor280317_787.pdf

http://vor.no/filesystem/2017/04/motebok_repskapet180417_788.pdf

Varamedlemer får saksdokumenta førebels berre til orientering.

Meld fråfall i og tid til Vest kontroll

Tlf. 700 30 440 / 90 18 79 50

Eller pr. epost: post@vestkontroll.no .

Medlemer må ha gyldig grunn for å ikke møte.

Sekretariatet kallar inn varamedlemer.

Minner om den oppsette møteplanen som gjer det mogleg å melde avbod før innkalling er sendt ut.

Mvh



Ada Elise Håberg

Konsulent

Tlf. direkte: 700 30 445

Tlf. sentralbord: 700 30 440

ada@vestkontroll.no

post@vkus.no

Kontrollutvalet

SEKOM-sekretariat

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
13/17	Hornindal kontrollutval	08.05.2017

Arkiv	Sakshandsamar	
	Arnar Helgheim	

Eventuelt

08.05.2017 Hornindal kontrollutval

Handsaming:

Uttale om val av revisor for fellesnemnd for kommunesamanslåing:

Saka vert teken opp i møtet, og utgreiing med tilråding frå sekretariatet vart delt ut.

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

Kontrollutvalet i Hornindal rår til at Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS vert valt til revisor til fellesnemnda for samanslåing av kommunane Volda og Hornindal.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

HOR-13/17 Vedtak:

Kontrollutvalet i Hornindal rår til at Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS vert valt til revisor til fellesnemnda for samanslåing av kommunane Volda og Hornindal.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2017/955
		Arkivkode:	232

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
21/17	Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar Kommunestyret	29.05.2017

KOMMUNESAMANSLÅING VOLDA OG HORNINDAL - HARMONISERING EIGEDOMSSKATT.

Administrasjonen si tilråding:

I samband med samanslåing av Volda og Hornindal kommune søker kommunane med heimel i inndelingslova §17 om unntak fra reglar om fristar og vilkår for å krevje inn eigedomsskatt

Vedleggsliste: Ingen

Saksopplysningar/fakta:

I møte med Fylkesmannen i Møre og Romsdal på Grodås 19. mai kom det fram at dersom Volda kommune aukar Eigedomsskatten til over 2 promille før samanslåinga må kommunane søkje dispensasjon fra Inndelingslova § 17 dersom *Hornindal skulle ønske å begynne med en lågare sats enn det Volda har.*

Inndelingslova §17 har slik ordlyd (sjå spes pkt. d);

§ 17. Fullmakter for Kongen til å gi nærmare reglar for å setje i verk vedtak og til å gjøre unntak frå gjeldande lover og forskrifter

Kongen kan gi nærmare reglar for å sikre gjennomføring av vedtak om grenseendring etter denne lova.

Når det blir rekna som nødvendig for å gjennomføre vedtak om grenseendring, kan Kongen dessutan gjøre unntak frå gjeldande reglar i lov eller forskrift. Unntak frå lov må knyttast til følgjande forhold:

- a) reglar om lovpålagde organ i stat, fylkeskommune eller kommune
- b) reglar om lovfesta fristar, saksbehandlingsreglar o.a.
- c) reglar om forhold og vilkår for arbeidstakarar i stat, fylkeskommune eller kommune
- d) reglar om fristar og vilkår for å krevje inn egedomsskatt
- e) reglar om den inneverande kommunestyreperioden og om samansetjing av kommunestyret, slik at kommunane kan velje kommunestyret i den nye kommunen av og blant kommunestyra sjølv og korte ned kommunestyreperioden for dei som ikkje blir valde. Dei same unntaka kan gjerast for fylkestinga.

0 Endra med lover 21 juni 2013 nr. 94 (ikr. 1 jan 2014 iflg. res. 21 juni 2013 nr. 735), 17 juni 2016 nr. 60 (ikr. 1 juli 2016 iflg. res. 17 juni 2016 nr. 681).

Egedomsskattelova §13 lyder slik:

§ 13. Første året det vert utskrive egedomsskatt i ein kommune, må skatten ikkje vera større enn kr 2 av kvart kr 1.000 av takstverdet. Seinare kan skatten ikkje i noko år aukast med meir enn kr 2 for kvart kr 1.000. Skatten kan likevel aukast med kr 3 for kvart kr 1.000 for huslause grunnegedomar. Skatten kan aukast med kr 3 for kvart kr 1.000 for egedomar som nemnde i § 12 bokstav a same år som kommunen innfører botnfrådrag i egedomsskatten. Skattøyret kan ikkje aukast same år som botnfrådrag fell bort. Derimot kan egedomsskatten setjast ned til dei nemnde minstegrensene frå eit år til det neste utan omsyn til kor høg skattesatsen er frå før.

Ved første gongs utskriving på bustader og fritidsbustader som følgje av overgang til nytt utskrivingsalternativ skal skatten for slik egedom vere kr 2 for kvart kr 1000 av takstverdet. Reglane i første ledet andre punktum flg. gjeld tilsvarende.

Får ein kommune nye grenser, skal reglane i første ledet ikkje vera til hinder for at det på egedomar i område som kjem med i kommunen, vert skrive ut egedomsskatt etter same satsar som før utvidinga.

0 Endra med lover 5 feb 1993 nr. 28, 16 juni 2006 nr. 25 (før 1. jan 2007), 17 juni 2016 nr. 35 (ikr. 1 jan 2017).

Det er kanskje unødvendig med dispensasjonssøknad då ein pr. dato ikkje veit størrelsen på egedomsskatten i Volda ved samanslåinga. Kanskje er den ikkje høgre enn 2 promille og då treng ein ikkje dispensasjon, kanskje er den høgre og ein ikkje ynskjer skille og kanskje er den høgre og ein såleis vil ha ei **stegvis** tilnerming. I det siste høvet må ein søkje unntak.

For ordens skuld og for ikkje å kome i vanskar i høve til å få til ei god tilnærming mellom dagens kommunar vil eg tilrå at kommunane søker unntak med heimel i inndelingslova §17 frå reglar om fristar og vilkår for å krevje inn egedomsskatt.

Utskrift av endeleg vedtak:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Asbjørn Moltudal	Arkivsak nr.:	2017/875
		Arkivkode:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
22/17	Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar Kommunestyret	29.05.2017

KOMMUNESAMANSLÅING VOLDA OG HORNINDAL - KRITERIUM FOR SAMANSETJING AV OG FUNKSJONAR TIL FELLESSNEMNDA ETTER INNDELINGSLOVA § 26

Administrasjonen si tilråding:

På vilkår av at Stortinget formelt gjer vedtak om nye kommunar vedtek
kommunestyre:

1. I samsvar med intensjonen vert «førebels» fellesnemnd omgjort til endeleg Fellesnemnd frå tidspunktet Stortingsvedtaket om nye kommunar vert gjort og der samanslåing av Hornindal og Volda er vedteke.
2. Samansetjing og funksjonar/fullmakter vert fastsett i samsvar med vedlegg nr. 1 til denne saka. Eventuelle endringar må godkjennast i dei to kommunestyra.
3. Det vert fastsett slik godtgjersle for medlemmene i fellesnemnda: I samsvar med Volda kommune sitt reglement for formannskapet.

Vedleggsliste:

1. Samansetjing og funksjonar til Fellesnemnda etter Inndelingslova §26.
2. INFO-skriv nr. 2/2017 Nye kommunar i Møre og Romsdal

3. PS-sak 122/16, 27.10.2016 frå Volda kommunestyre vedkomande oppretting av førebels fellesnemnd.
4. K-sak 58/16, 03.11.2016 frå Hornindal kommunestyre vedkomande oppretting av førebels fellesnemnd.

Samandrag av saka:

I felles kommunestyremøte skal kommunestyra drøfte

- Framlegg til namn på den nye kommunen
- Talet på medlemer i det nye kommunestyret
- Kriterium for samansetjing og funksjonar til fellesnemnd etter §26 i Inndelingslova
- Val av revisor for verksemda i fellesnemnda
- Oppretting av eventuelle andre fellesorgaan for å sikre gjeennomføringa av samanslåinga

Denne saka omhandlar Kriterium for samansetjing og funksjonar til fellesnemnd etter §26 i Inndelingslova.

Saksopplysningar/fakta:

Inndelingslova § 26 har slik ordlyd;

§ 26. Fellesnemnd

Ved samanslåing av kommunar eller fylkeskommunar og ved deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b skal det opprettast ei fellesnemnd til å samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga eller delinga. Nemnda bør spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane eller fylkeskommunane. Det skal likevel vere minimum tre medlemmer i nemnda frå kvar kommune eller fylkeskommune. Fellesnemnda blir valt av og blant medlemmene i kommunestyret eller fylkestinget. Også medlemmer av kommunerådet eller fylkesrådet kan veljast. Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar. Reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalde organ gjeld elles tilsvarende.

Kommunane eller fylkeskommunane kan også opprette eit felles partssamansett utval etter kommunelova § 25 for behandling av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgivar og dei tilsette.

Fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, er sett i verk. Nemnda skal i sin verkeperiode gi fråsregn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld.

Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsett i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra eller fylkestinga. Kvar av kommunane eller fylkeskommunane kan be departementet om å ta avgjerd i slike spørsmål dersom det ikkje er mogleg å kome til semje.

Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan også få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.

Fellesnemnda kan gi eit arbeidsutval myndigheit til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell art.

Reglane i kommunelova om møte- og talerett for ordførar, leiar av kommuneråd eller fylkesråd, administrasjonssjef og tilsette gjeld tilsvarende for nemnda. Reglane i § 59 om lovlegkontroll gjeld tilsvarende for avgjerder fellesnemnda tek.


I oktober og november 2016 gjorde Volda og Hornindal kommune vedtak om ei **førebels** fellesnemnd på 10 medlemmer med 5 frå Hornindal kommunestyret og 5 frå Volda kommunestyre. Intensjonen var at fellesnemnda skal få sitt mandat frå kommunestyra med heimel i Inndelingslova § 26 etter at Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av Hornindal og Volda. Fellesnemnda fekk i same sak førebelse mandat frå kommunestyra. Vedtaka i dei to kommunane fylgjer vedlagt til vitande.

På nyåret 2017 har det vidare vore arbeidd med ein prosjektplan for samanslåinga. Prosjektplanen er meint å vere eit styringsinstrument for gjennomføring av samanslåing av kommunane. Denne planen som «førebels» fellesnemnd med nokre endringar slutta seg til i møte 09.03.17 har mellom anna teke for seg dei kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnda etter inndelingslova.

Med justering av pkt. 2.4 Fellesnemnda i den beskrivinga, oppfyller punktet i prosjektbeskrivinga kravet til det som skal drøftast i felles kommunestyre, samt vedtakast i dei to kommunestyra. Eg har difor med justering av det som vedkjem «førebels fellesnemnd» m.a. «kome med framlegg til kommunenamn», lagt ved det som tidlegare er vedteke som vedlegg nr. 1. I tillegg er setninga om konstituering og val av leiar og nestleiar flytta frå pkt7 Funksjonsperiode til pkt. 1, Samansetjing.

Med tilvising til utgreiinga har rådmannen ikkje noko meir å merke til saka.

Til orientering for dei folkevalde har Fylkesmannen sendt ut slik tidslinje for arbeidet med ny kommune i 2017.



Utskrift av endeleg vedtak:

Volda kommune

Hornindal kommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Samansetjing og funksjonar til Fellesnemnda etter Inndelingslova §26.

1. Samansetjing

Fellesnemnda skal vere samansett av *10 medlemmer med 5 frå Hornindal kommunestyre og 5 frå Volda kommunestyre*.

Fellesnemnda konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar.

2. Fellesnemnda sine fullmakter

Fellesnemnda skal i opne møter planlegge og førebu samanslåing fram til konstituering av nytt kommunestyre i den nye kommunen. Vedtak i Fellesnemnda bør så langt råd er fattast etter "konsensusprinsippet. "Det ligg ikkje til fellesnemnda å ha styring av den daglige drifta i dei to kommunane fram til tidspunktet for samanslåing.

Fellesnemnda skal ha som oppgåve å:

- a) Inngå avtalar på vegne av den nye kommunen.
- b) Gjere vedtak om kommunevåpen for den nye kommunen.
- c) Gjere vedtak om val av hovudmodell for den politiske organiseringa av den nye kommunen. I det ligg det også reglement for dei nye politiske organa og reglement for arbeidsvilkåra for politikarane i kommunen.
- d) Kome med uttale/innspel om val av hovudmodell for administrativ organisering av den nye kommunen.
- e) Godkjenne framdriftsplan i samanslåingsprosessen.
- f) Vedta budsjett for samanslåingsprosessen..
- g) Har ansvaret for det førebuande arbeidet med budsjettet for første driftsår etter at samanslåinga er sett i verk (2020).
- h) Gje fråsegn til Fylkesmannen i dei to fylka om budsjett og økonomi- og handlingsplan for dei to kommunane.
- i) Gjere vedtak om spørsmål som gjeld lokalisering av dei ulike administrative og tenesteproduserande einingar i den nye kommunen.
- j) Tilsette rådmann og revisor i den nye kommunen.
- k) Har fullmakt til å overføre og tilsette personell til den nye kommunen.
- l) Kan vedta mindre justeringar i organiseringa og beskrivinga av prosjektet.
- m) Gjere vedtak om andre spørsmål som er knytt til samanslåingsprosessen og tilhøve som gjeld ny kommune.
- n) Ta ansvar for informasjonsarbeid og involvering av innbyggjarane for det som gjeld bygging av den nye kommunen.

3. Innstillingsrett til kommunestyra

Dersom det kjem opp saker som vedkjem samanslåingsprosessen, og som er av ein slik art at dei må handsamast i eit eller begge kommunestyra, må Fellesnemnda be rådmennene om å leggje fram dei aktuelle sakene for dei to kommunestyra.

4. Partssamansett utval

Det skal opprettaast eit partssamansett utval under Fellesnemnda. Utvalet skal samansetjast av 4 politikarar frå kvar kommune, inkludert leiar og nestleiar i Fellesnemnda og 2 tillitsvalde frå kvar kommune.

5. Delegering

Fellesnemnda kan gje leiar i Fellesnemnda og/eller prosjektleiar fullmakt til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell karakter. Dersom det er tvil om saka er av prinsipiell karakter skal saka avgjerast av Leiar i Fellesnemnda og prosjektleiar i fellesskap. Om det framleis er usemje skal saka avklarast i fellesnemnda.

6. Saksførebuing

- a) Administrativ styringsgruppe førebur saker som prosjektleiar legg fram for Fellesnemnda med tilråding.
- c) Rådmennene har møte- og talerett i Fellesnemnda.

7. Funksjonsperiode

- a) Fellesnemnda si funksjonsperiode gjeld fram til konstituering av kommunestyret i den nye kommunen.
- b) Leiar i Fellesnemnda kallar saman det nyvalde kommunestyret til konstituerande møte innan utgangen av oktober månad i 2019.
- c) Leiar av Fellesnemnda leier møtet fram til ny ordførar er vald.




Nye kommunar i Møre og Romsdal

INFO-skriv nr. 2/2017

Innhald

- 1. Krav til felles kommunestyremøte**
- 2. Unntak frå krav om felles kommunestyremøte**
- 3. Saksbehandling fram til kongeleg resolusjon**
- 4. Nærare om dei ulike punkta i Inndelingslova § 25**
- 5. Behov for midlertidige unntak frå særlover**
- 6. ROBEK-status ved samanslåing**
- 7. Uttale om årsbudsjett og økonomiplanar for kommunane**
- 8. Kommunesamanslåing og forkjøpsrett til aksjar**
- 9. Tilskot til vear og digitaliseringstiltak**



«Det er eit grunnleggjande omsyn at kommunane ikkje bør påleggjast å gjennomføre meir omfattande formelle prosessar ved samanslåing enn naudsynt»*

*rundskriv til av 15 juni 2001 nr. 70 om fastsetting og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) side 21

Vedlegg

Tidslinje



1. Krav til felles kommunestyremøte

Vi viser til infoskriv nr. 1 punkt 3 om felles kommunestyremøte.

På slike felles kommunestyremøte skal følgjande saker vere drøfta:

- forslag til namn på den nye kommunen.
- talet på medlemmer i det nye kommunestyret.
- kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i inndelingslova.
- val av revisor for verksemda i fellesnemnda.
- oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.

Opplistinga over, jf. § 25 i inndelingslova, er eit minstekrav til tema kommunane skal drøfte på eit felles møte.

I tillegg til sakene som er nemnd i inndelingslova § 25, bør kommunane drøfte om det er behov for unntak frå lov og/eller forskrift for å gjennomføre samanslåing jf. inndelingslova § 17. Vi viser også til punkt 5 i dette skrivet. Det kan til dømes vere behov for unntak frå lovverket for gjennomføring av val (vallova), harmonisering av eigedomsskatt (eigedomsskattelova) med meir. Eventuelle unntak frå lov/forskrift vert gitt ved kongeleg resolusjon.

Andre tema som kommunane meiner er viktige for saka kan også drøftast på eit slikt felles møte.

Det skal ikkje treffast vedtak i felles kommunestyremøte.



2. Unntak frå krav om felles kommunestyremøte

Fylkesmannen har i skriv frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) datert 17.03.17 **fått delegert kompetanse** til å gjere unntak frå krav om felles kommunestyremøte jf. infoskriv nr. 1 punkt 5. Fylkesmannen er delegert slik kompetanse også for samanslåingar på tvers av fylkesgrenser.

2.1 Delegert kompetanse

Fylkesmannen kan gjere unntak frå krav om felles kommunestyremøte etter inndelingslova § 25 i dei tilfella der det allereie ligg føre tilstrekkelege vedtak i kvart kommunestyre.

2.2 Vilkår for å gi unntak

- Alle kommunane det gjeld må ønske unntak frå kravet om felles kommunestyremøte.
- Alle punkta i inndelingslova § 25 må vere drøfta.
- Etter drøftinga må det vere fatta *likelydande* vedtak om alle punkta i inndelingslova § 25 i dei einskilde kommunestyra.

Der Stortinget si avgjerd om kommunesamslåing ikkje er i samsvar med løysinga kommunane var samde om, er det ikkje høve til å gjere unntak frå krav om felles kommunestyremøte.

3. Saksbehandling fram til kongeleg resolusjon

3.1 ...ved søknad om unntak frå felles kommunestyremøte

- Kommunane ber Fylkesmannen om å gjere unntak frå krav om felles kommunestyremøte dersom det er ønske. Om dette er behov ber kommunane Fylkesmannen om eit møte og/eller rettleiing på saksbehandlingsprosessen.




- Som grunnlag for Fylkesmannen si vurdering om å gjere unntak frå felles kommunestyremøte, må kommunane sende over kommunestyrevedtaka jf. punkt 2.2.
- Fylkesmannen gir ei kort grunngjeving for kvifor vedtaket er innvilga. Grunngjeving vert sendt til KMD og kommunane det gjeld. KMD vil bruke denne informasjonen til å utarbeide kongeleg resolusjon for dei ulike samanslåingane.
- KMD vil starte arbeidet med dei kongelege resolusjonane etter at Stortinget har fatta vedtak om kommunesamanslåing.

3.2....når det skal gjennomførast felles kommunestyremøte

- Fylkesmannen varsler at han vil kalle inn til felles kommunestyremøte ut i frå at vilkåra frå unntak om å halde dette møtet ikkje er til stades, jf. punkt 2.2.
- Fylkesmannen inviterer til planleggingsmøte.
- Kommunane og Fylkesmannen planlegg og legg til rette for møtet. Ved behov ber kommunane Fylkesmannen om rettleiing undervegs på saksbehandlingsprosessen.
- I felles kommunestyremøte må alle punkta i inndelingslova § 25 vere drøfta.
- Etter drøftinga må det vere fatta vedtak om alle punkta i inndelingslova § 25 i dei einskilde kommunestyra.
- Kommunane sender over vedtaka til Fylkesmannen. Fylkesmannen vil deretter sende alle vedtaka til KMD.
- KMD vil starte arbeidet med dei kongelege resolusjonane etter at Stortinget har fatta vedtak om kommunesamanslåing, og når dei har motteke kommunestyrevedtaka frå dei aktuelle kommunane.



3.3 Tidslinje for framdrifta fram til kongeleg resolusjon



Tidslinja er vedlagt

4. Nærare om dei ulike punkta i inndelingslova § 25

4.1 Forslag til namn på den nye kommunen

Det går fram av kommunelova § 3 at det er Kongen i statsråd som vedtek namn på den nye kommunen. Det vert lagt stor vekt på kommunane sine ønsker.

Namnet på den nye kommunen må vere unikt, dvs. eit namn som ikkje er i bruk av andre kommunar. KMD kan be Språkrådet om uttale til det nye kommunenamnet.

4.2 Talet på medlemmer i det nye kommunestyret

Det følgjer av kommunelova § 7 nr. 2 korleis talet på medlemmar i det nye kommunestyret skal fastsettast. Tal på medlemmar i kommunestyret skal vere et ulike tal, med eit minimumstal ut frå innbyggartal:



Innbyggartal i kommunen	Minimum medlemmer i kommunestyret
inntil 5000	11 medlemmer
Frå 5000 til 10 000	19 medlemmer
Frå 10 000 til 50 000	27 medlemmer
Frå 50 000 til 100 000	35 medlemmer
Frå 100 000	43 medlemmer

4.3 Kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnda etter inndelingslova § 26

Erfaringar frå tidlegare samanslåingar gir klart uttrykk for at fellesnemnda bør tildelast klare og vide fullmakter frå kommunestyra for å sikre ei god politisk styring og ein effektiv prosess. Dersom fullmaktene blir for snevre vil det føre til at kommunestyra heile vegen må fatte likelydande vedtak for å ta viktige avgjerder. Det kan føre til at prosessen blir meir krevjande og langdryg.

Fellesnemnda har ansvar for å førebu arbeidet med økonomiplanen, og med budsjettet det første driftsåret. Fellesnemnda skal også uttale seg om årsbudsjetta og økonomiplanane for dei enkelte kommunane som inngår i samanslåinga. Fylkesmannen har i brev frå KMD, datert 17. mars 2017, **fått delegert kompetanse** til å vere mottakar av desse uttalane frå fellesnemnda. Bakgrunnen for denne delegeringa er at Fylkesmannen allereie har delegert kompetanse til å gjennomføre lovlegkontroll med budsjettvedtak etter § 28 i inndelingslova. Formålet med lovlegkontroll etter § 28 er å kunne kontrollera at kommunar som skal slåast saman ikkje investerer over emne før samanslåinga trer i kraft, og dermed reduserer økonomisk handlefridom for den nye kommunen.

Utover dette er det opp til kommunestyra å avgjere kva slags oppgåver og fullmakter fellesnemnda skal ha. Det må også takast omsyn til at fellesnemnda vil få behov for å delegere mynde til andre utval/organ.



Kommunestyra kan gi fellesnemnda mynde til å tilsette administrasjonssjef, revisor og anna personale. Dersom fellesnemnda får slik fullmakt, er det fellesnemnda som har arbeidsgivaransvaret for arbeidstakarane som blir tilsett.

Samansetjing:

- Medlemmar i fellesnemnda skal veljast av og blant medlemmer i kommunestyra.
- Det skal vere minimum 3 medlemmer frå kvar kommune.
- Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar.

Funksjon:

- Funksjonsperioden for fellesnemnda startar etter nasjonalt vedtak i Stortinget og går ut når det nye kommunestyret er konstituert etter reglane i § 27 i inndelingslova.
- Reglementet til fellesnemnda blir kva dei einskilde kommunestyra delegerer av mynde og fullmakter, jf. § 25 i inndelingslova.
- Andre oppgåver og fullmakter i tillegg til dei lovpålagte oppgåvene blir også vedteke av kommunestyra.
- Reglane i kommunelova om møte- og talerett for ordførar, leiar av kommuneråd, administrasjonssjef og tilsette gjeld tilsvarande for nemnda.
- Reglane i § 59 i kommunelova om lovlegkontroll gjeld tilsvarande for avgjerder fellesnemnda tek.

Fellesnemnda har ikkje mynde til å fatte vedtak på drifta i dei eksisterande kommunane.

4.4 Val av revisor for verksemda i fellesnemnda

Fellesnemnda kan etter § 26 femte ledd, fjerde punktum, få delegert mynde til å inngå avtale med ein ny revisor, føre vidare deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller føre vidare ein avtale med ein annan revisor.



Det same gjeld for kontrollutvalssekretariatet. Slike vedtak skal skje på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala.

4.5 Opprettning av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga

Etter § 26 sjette ledd kan fellesnemnda gi eit arbeidsutval mynde til å gjere vedtak i einskildsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell art. Arbeidsutvalet har som oppgåve å behandle saker før dei blir lagt fram for fellesnemnda. Arbeidsutvalet kan få ansvar for å koordinere politiske og administrative prosessar, og fatte vedtak for å sikre nødvendig framdrift på prosessane. Arbeidsutvalet kan også få som oppgåve å lage agenda for fellesnemnda sine møter.

Til å behandle saker som gjeld forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgivar og dei tilsette, kan kommunane opprette eit partssamansett utval, jf. kommunelova § 25.

Erfaringar frå tidlegare samanslåingar syner at det også har blitt oppretta administrativ styringsgruppe og delprosjektgrupper for å førebu arbeidet med samanslåinga.

5. Behov for midlertidige unntak frå særlover

Etter inndelingslova § 17 kan Kongen gi midlertidig unntak frå særlover. Eit vilkår for å gi slikt unntak er at det er nødvendig for å gjennomføre grensejusteringa og at det fell inn under ein av dei fem kategoriene i § 17;

- a) reglar om lovpålagde organ i stat, fylkeskommune eller kommune.
- b) reglar om lovfesta fristar, saksbehandlingsreglar o.a.
- c) reglar om forhold og vilkår for arbeidstakrar i stat, fylkeskommune eller kommune.



- d) reglar om fristar og vilkår for å krevje inn eigedomsskatt.
- e) reglar om den inneverande kommunestyreperioden og om samansetjing av kommunestyret, slik at kommunane kan velje kommunestyret i den nye kommunen av og blant kommunestyra sjølve og korte ned kommunestyreperioden for dei som ikkje blir valde. Dei same unntaka kan gjerast for fylkestinga.

Dersom kommunane ønskjer slike unntak må det vere grunngjeve og gå fram av dei einskilde kommunestyrevedtaka. Fylkesmannen kan rettleie kommunane dersom det er nødvendig å gjere slike unntak.

6. ROBEK-status ved samanslåing

Fylkesmannen har i skriv frå KMD datert 17.03.17 **fått delegert kompetanse** til at han kan bestemme at den nye kommunen skal følge krava til godkjenning og kontroll i kommunelova § 60 nr. 1 og 2 dersom kommunen ikkje kan forventast å dekke inn meirforbruket frå før samanslåinga innan to år. Det vil seie at dersom éin eller fleire av kommunane som skal slåast saman, oppfyller vilkåra i kommunelova § 60 nr. 1, kan Fylkesmannen fram til samanslåinga blir sett i verk, bestemme at den nye kommunen skal følgje krava om godkjenning og kontroll i kommunelova § 60 nr. 1 og 2. Dette gjeld berre dersom kommunen ikkje kan ventast å dekkje inn meirforbruk frå før samanslåinga innan to år, og det etter ei vurdering frå Fylkesmannen er behov for godkjenning og kontroll.

7. Uttale om årsbudsjett og økonomiplanar for kommunane

Fylkesmannen har i skriv frå KMD datert 17.03.17 **fått delegert kompetanse** til å vere mottakar av uttale frå fellesnemnda om årsbudsjetta og økonomiplanar for kommunane, jf. § 26 tredje ledd i inndelingslova. Bakgrunnen for dette er knytt til at mynde til å gjennomføre lovlegkontroll med budsjettvedtak etter § 28 i inndelingslova allereie er delegert til Fylkesmannen. Formålet med lovlegkontroll er å kunne kontrollere at kommunar som skal slå seg saman ikkje investerer over evne før samanslåinga trer i kraft og dermed reduserer den nye kommunen sin økonomiske handlefridom.



Det går fram av merknadene til § 26 tredje ledd i Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) at formålet med at fellesnemnda skal gi uttale om årsbudsjett og økonomiplanar er for å lette den statlege kontrollen med budsjettet, jf. § 28. Når det er Fylkesmannen som utøver denne kontrollen, bør Fylkesmannen også være mottakar av uttale frå fellesnemnda.

8. Kommunesamanslåing og forkjøpsrett til aksjar

Når aksjar går frå ein kommune til ein anna i samband med samanslåing eller deling, blir forkjøpsretten etter aksjelova ikkje utløyst (ny § 16b).

9. Tilskot til vegar og digitaliseringstiltak

Vi viser til [brev](#) sendt til kommunane frå KMD, datert 05.04. 2017. KMD varslar i brevet at det er mogleg å søke på tilskot til vegr og digitaliseringstiltak i kommunar som slår seg saman i kommunereforma. Det er sett av 150 millionar kroner til tilskotet i 2017. Vi oppfordrar kommunane om å vurdere behova sine for ein slik søknad.



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

«MOTTAKERNAVN»

«KONTAKT»

«ADRESSE»

«POST» «POSTSTED»

»

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2016/1686	12693/2016	033	SVK/ SONHAV	01.11.2016

MELDING OM POLITISK VEDTAK - OPPRETTING AV FELLESNEMND HORNINDAL-VOLDA

Vi melder med dette fra at kommunestyret den 27.10.2016, hadde føre ovannemnde som sak PS 122/16, der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å opprette ei førebels fellesnemnd på 10 medlemmer med 5 fra Hornindal kommunestyret og 5 fra Volda kommunestyre, jfr Kommunelova §27. Etter at Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av Hornindal og Volda er intensjonen at fellesnemnda får sitt mandat fra kommunestyra med heimel i Inndelingslova § 26.

2. Førebels fellesnemnd får følgjande fullmakt og oppgåver:

- Gjere forebuingar og planlegging fram til Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av kommunane Hornindal og Volda, jfr Inndelingslova § 4.*
- Leggje fram innstillingar fram for kommunestyra der det er ynskeleg med vedtak i planleggingsperioden.*
- Disponere statlege løyvingar (inkl ev forskottering) som vert gitt til reformprosessen.*
- Disponere personell i samband med planleggings- og kartleggingsarbeid (arbeidsgrupper mv) fra kommunane*

3. Den midlertidige fellesnemnda skal konstituere seg innan utgangen av november 2016.

4. Det vert fastsett slik godtgjersle for medlemmene i fellesnemnda: I samsvar med Volda kommune sitt reglement for formannskapet.

5. Rekneskapsføring og ev lønsutbetaling vert lagt til Volda kommune og dekt statleg tilskot.

6. Som revisor for den midlertidige fellesnemnda vert Sunnmøre kommunerevisjon IKS vald.

7. Intensjonsavtala mellom Volda og Hornindal vert å legge til grunn for arbeidet med å etablere ei ny kommune fra 1.1.2020.

8. Det er ein føresetnad at Hornindal kommunestyre gjer likelydande vedtak.

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2016/1686

Arkivkode: 033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
187/16	Formannskapet	18.10.2016
122/16	Kommunestyret	27.10.2016

OPPRETTING AV FELLESNEMND HORNINDAL - VOLDA

Handsaming:

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 27.10.2016:

1. *Kommunestyret vedtek å opprette ei førebels fellesnemnd på 10 medlemmer med 5 frå Hornindal kommunestyret og 5 frå Volda kommunestyre, jfr Kommunelova §27. Etter at Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av Hornindal og Volda er intensjonen at fellesnemnda får sitt mandat frå kommunestyrer med heimel i Inndelingslova § 26.*
2. *Førebels fellesnemnd får følgjande fullmakt og oppgåver:*
 - *Gjere forebuinger og planlegging fram til Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av kommunane Hornindal og Volda, jfr Inndelingslova § 4.*
 - *Leggje fram innstillingar fram for kommunestyrer der det er ynskeleg med vedtak i planleggingsperioden.*
 - *Disponere statlege løyingar (inkl ev forskottering) som vert gitt til reformprosessen.*
 - *Disponere personell i samband med planleggings- og kartleggingsarbeid (arbeidsgrupper mv) frå kommunane*
3. *Den midlertidige fellesnemnda skal konstituere seg innan utgangen av november 2016.*
4. *Det vert fastsett slik godtgjersle for medlemmene i fellesnemnda: I samsvar med Volda kommune sitt reglement for formannskapet.*
5. *Rekneskapsføring og ev lønsutbetaling vert lagt til Volda kommune og dekt statleg tilskot.*

- 6. Som revisor for den midlertidige fellesnemnda vert Sunnmøre kommunerevisjon IKS vald.**
- 7. Intensjonsavtala mellom Volda og Hornindal vert å legge til grunn for arbeidet med å etablere ei ny kommune frå 1.1.2020.**
- 8. Det er ein føresetnad at Hornindal kommunestyre gjer likelydande vedtak.**

Handsaming:

Ordføraren kom med slik tilføyning i punkt 4:

I samsvar med Volda kommune sitt reglement for formannskapet.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen, med tilføyning frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 18.10.2016 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret vedtek å opprette ei førebels fellesnemnd på 10 medlemmer med 5 frå Hornindal kommunestyret og 5 frå Volda kommunestyre, jfr Kommunelova §27. Etter at Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av Hornindal og Volda er intensjonen at fellesnemnda får sitt mandat frå kommunestyra med heimel i Inndelingslova § 26.**
- 2. Førebels fellesnemnd får følgjande fullmakt og oppgåver:**
 - *Gjere førebuingar og planlegging fram til Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av kommunane Hornindal og Volda, jfr Inndelingslova § 4.*
 - *Legge fram innstillingar fram for kommunestyra der det er ynskeleg med vedtak i planleggingsperioden.*
 - *Disponere statlege løyvingar (inkl ev forskottering) som vert gitt til reformprosessen.*
 - *Disponere personell i samband med planleggings- og kartleggingsarbeid (arbeidsgrupper mv) frå kommunane*
- 3. Den midlertidige fellesnemnda skal konstituere seg innan utgangen av november 2016.**
- 4. Det vert fastsett slik godtgjersle for medlemmene i fellesnemnda: I samsvar med Volda kommune sitt reglement for formannskapet.**
- 5. Rekneskapsføring og ev lønsutbetaling vert lagt til Volda kommune og dekt statleg tilskot.**
- 6. Som revisor for den midlertidige fellesnemnda vert Sunnmøre kommunerevisjon IKS vald.**

7. *Intensjonsavtala mellom Volda og Hornindal vert å legge til grunn for arbeidet med å etablere ei ny kommune frå 1.1.2020.*

8. *Det er ein føresetnad at Hornindal kommunestyre gjer likelydande vedtak.*

Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek å opprette ei førebels fellesnemnd på 10 medlemmer med 5 frå Hornindal kommunestyret og 5 frå Volda kommunestyre, jfr Kommunelova §27. Etter at Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av Hornindal og Volda er intensjonen at fellesnemnda får sitt mandat frå kommunestyra med heimel i Inndelingslova § 26.

2. Førebels fellesnemnd får følgjande fullmakt og oppgåver:

- Gjere førebuingar og planlegging fram til Stortinget har gjort vedtak om samanslåing av kommunane Hornindal og Volda, jfr Inndelingslova § 4.
- Leggje fram innstillingar fram for kommunestyra der det er ynskeleg med vedtak i planleggingsperioden.
- Disponere statlege løyvingar (inkl ev forskottering) som vert gitt til reformprosessen.
- Disponere personell i samband med planleggings- og kartleggingsarbeid (arbeidsgrupper mv) frå kommunane

3. Den midlertidige fellesnemnda skal konstituere seg innan utgangen av november 2016.

4. Det vert fastsett slik godtgjersle for medlemmene i fellesnemnda:

5. Rekneskapsføring og ev lønsutbetaling vert lagt til Volda kommune og dekt statleg tilskot.

6. Som revisor for den midlertidige fellesnemnda vert Sunnmøre kommunerevisjon IKS vald.

7. *Intensjonsavtala mellom Volda og Hornindal vert å legge til grunn for arbeidet med å etablere ei ny kommune frå 1.1.2020.*

8. *Det er ein føresetnad at Hornindal kommunestyre gjer likelydande vedtak.*

Linkar til rettleiarar om kommunesamanslåing på KMD si webside:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/Verktoy/id2001824/>

Vedlegg:

Intensjonsavtalen mellom Hornindal og Volda.

Samandrag av saka:

Det vert synt til kommunestyra i dei to kommunane sine vedtak om samanslåing av Hornindal og Volda. Det vert vidare synt til at fylkesmennene har slutta seg til dette i sine innstillingar.

Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal oppmodar kommunane om så snart som råd kome i gang med planlegging av samanslåinga.

Med bakgrunn i erfaringar frå andre kommunesamanslåingsprosessar, finn ein det føremålstenleg å opprette ei midlertidig fellesnemnd for å ivareta arbeidet med å byggje den nye kommunen fram til nasjonalt vedtak vert gjort. Det er kommunestyra som vel fellesnemnd. Val av representantar frå Volda kommune til den førebelse fellesnemnda vert lagt fram som eiga sak direkte for kommunestyret.

I denne saka legg rådmannen opp til forslag til oppretting av nemnd og fastsetting av rammene for arbeidet i fellesnemnda.

Saksopplysningar/fakta:

Det er Stortinget som gjer vedtak om samanslåing av kommunar. Som del av kommunereforma skal sak om kommunesamanslåingar handsamast i løpet av våren 2017. Endeleg vedtak med kongeleg resolusjon kjem hausten 2017. Arbeidet vi no gjer i Volda og Hornindal, for å følgje opp kommunestyra sine vedtak om samanslåing, er derfor førebels fram til Fylkesmannen (FM) kallar inn kommunestyra i Volda og Hornindal til felles møte for å stadfeste samanslåing av kommunane.

Vi er no kjent med at FM tilrår at det bør etablerast ein kommune i grenseområdet mellom Møre og Romsdal og Sogn- og Fjordane basert på samanslåing av Volda, Ørsta og Hornindal. Det er ikkje kome politiske signal frå nokon av kommunane om at ein vil ta opp att drøftingane med Ørsta om samanslåing, og arbeidet framover mot endeleg vedtak i Stortinget vert inntil vidare å basere seg på at det er Volda og Hornindal kommunar som skal slåast saman frå 01.01.2020.

Ordførarane og rådmennene i Volda og Hornindal hadde eit møte 9. september for å drøfte korleis ein skulle kome i gang med prosessen for Hornindal og Volda. Med bakgrunn i erfaringar frå andre kommunesamanslåingsprosessar vart det konkludert med at første steg vil vere å få oppretta ei førebels fellesnemnd.

Kommunesamanslåing er eit stort endrings- og omstillingsarbeid. Det er mykje som skal gjerast fram mot 1.1.2020. Det viktigaste er å sikre ein god struktur og å bli samde om ambisjonsnivået for arbeidet. Intensjonsavtala er eit viktig dokument som legg føringar for arbeidet. Den formelle prosessen med å bygge ny kommune, startar etter at det er fatta vedtak i Stortinget våren 2017. Fellesnemnda, som skal gjennomføre samanslåinga, er ikkje formelt etablert før etter dette. Ei førebels fellesnemnd kan derfor ikkje fatte vedtak som legg bindande føringar for den nye kommunen, før dei formelle prosessane er gjennomført i regi av fylkesmannen etter nasjonalt vedtak. I perioden fram til nasjonalt vedtak, er det likevel svært viktig at kommunane arbeider med prosessane. Røynsle frå andre kommunesamanslåingar viser at det viktig å komme i gang tidleg, og at mykje bør vere på plass så tidleg som mogleg. Fram til nasjonale vedtak er Volda og Hornindal kommune juridisk og økonomisk ansvarlege for dei vedtak som vert gjort.

Vurdering og konklusjon

Fellesnemnda som er etablert er førebels og har funksjon som eit interimstyre.

Å slå saman 2 kommunar er ei stor oppgåve. Røynsle frå tidlegare samanslåingar har synt at god prosjektorganisering og god prosjektleiing er viktige suksessfaktorar. God og tydeleg rollefordeling mellom politikk og administrasjon er ein annan suksessfaktor.

I rettleiaren frå KMD er to av råda:

1. *Sørg for at prosjektleiar er på plass så tidleg som mogleg. Det bør tidleg takast stilling til om prosjektleiar skal vere rådmann for den nye kommunen. Fellesnemnda må få myndighet til å få dette på plass.*
2. *Klare mandat og fullmakter til fellesnemnda, partssamansett utval, arbeidsutval,prosjektleiar og arbeidsgrupper er avgjerande viktig for å få til klar politisk styring og ein effektiv og god prosess.*

